

Sandøy kommune

Kommunale retningslinjer for tildeling av startlån

1. Formål

Startlån skal bidra til at husstandar med bustadetableringsproblem skal kunne etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.

Husstandar med etableringsproblem vert definert som husstandar som har behov for heil eller delvis finansiering med hjelp frå kommunen. Finansieringa skal gi husstanden stabile buforhold med omsyn til økonomi.

2. Kven kan få lån

Startlån er behovsprøvd og kan omfatte unge i etableringsfasen, barnefamiliar, einslege forsørgarar, funksjonshemma, flyktingar, personar med opphaldstillatelse på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar.

Lånsøklar må dokumentere at husstanden si framtidige inntekt og eventuelle stønader er tilstrekkelege til å betene renter og avdrag på lån i tillegg til vanlege levekostnader. Denne dokumentasjonen skal gjevast i form av ei eigenvurdering av korleis økonomien vil framstå etter låneopptaket. Sandøy kommune kan kreve ytterlegare dokumentasjon.

Søknaden vil bli avslegen dersom kommunen meiner lånsøklar ikkje vil klare framtidige betalingsforpliktelsar.

Alle husstandsmedlemmer som bidar til nødvendig inntektsgrunnlag bør også vere låntakarar.

3. Kva kan det gjevast lån til

- Kjøp av bustad

Startlån kan ytast til kjøp av bustad, anten som topp- eller fullfinansiering.

- Utbetring

Startlån kan brukast til utbetring av bustaden

- Oppføring av bustad

Startlån kan brukast til toppfinansiering, saman med grunnfinansiering frå Husbanken, eller andre finansinstitusjonar.

- Refinansiering

Startlån kan nyttast til refinansiering av dyre lån dersom det resulterer i at husstanden får ei moglegheit til å bli buande i bustaden.

- Førehandsgodkjenning.

Kommunen kan gi ei skriftleg stadfesting på at lånsøklar vil få startlån dersom søklar finn ein eigna bustad med kjøpesum innan for ein fastsett kostnadsramme.

Kommunen vil vurdere kva behov husstanden har, både med omsyn til bustad og finansiering. Valg av bustad og finansieringsløyning forutset at husstanden kan bli buande i bustaden. I alle tilfelle er det ei forutsetning at bustaden ikkje er dyrare enn at søkjar kan klare å betene framtidige buutgifter og framleis ha naudsynte midlar til livsopphald.

Nærare om bustaden

Bustaden skal vere rimeleg og nøktern samanlikna med prisnivået på staden.

4. Låneutmåling - finansieringspakkar

Storleiken på lånet vert å fastsette innanfor 100% av kjøpesummen, nybyggings-, utbetningskostnader eller bustaden sin verdi pluss eventuelle omkostningar. Storleiken på lånet vil også, som nemnt under punkt 2, avhenge av den enkelte sin økonomi og dessutan storleiken på lån gjeve av andre långivarar.

Startlån kan gjevast som topplån eller fullfinansiering. Som prinsipp vil Sandøy kommune legge opp til at dess meir vanskelegstilt husstanden er, dess større del av finansieringa kan knyttast opp til startlån. For særleg vanskelegstilte husstandar kan startlånet brukast i kombinasjon med bustadtilskot.

5. Rente- og avdragsvilkår.

Startlån vert tilbydd med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og avdragsvilkår. I tillegg vil Sandøy kommune rekne seg 0,25% rentemargin til dekning av adm. Utgifter. For nærare opplysningar kan Sparebanken Møre kontaktast.

6. Sikkerheit for lånet

Sandøy kommune krev sikkerheit for startlånet i form av pant i fast eigedom.

7. Klageadgang

Det er mogleg å klage på Sandøy kommune sitt vedtak om tildeling, avvisning, og avslag på lån. Klaga må vere skriftleg og sendast det kontoret i kommunen som har fatta vedtaket. Klaga må vere begrunna, og det skal konkret nemnast kva vedtak som vert påklaga og kva ein ønskjer endra.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kome fram. Dersom klaga ikkje fører fram kan søkjar påklage vedtaket til kommunen si klagenemnd.

8. Anna

Utlån av startlån vil vere knytta opp til årleg låneramme vedteke av Sandøy kommunestyre. Søkjarar kan såleis oppleve at lånekvoten er oppbrukt og at innvilga startlån først kan kome til utbetaling på eit seinare tidspunkt.

Harøy, 1. mai 2003